



Statens vegvesen

VESTNES KOMMUNE

Rådhuset

Brugata 10

6390 VESTNES

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Jan-Kristian Janson / 9041 2554

Vår referanse:
22/82310-9

Deres referanse:
22/00094

Vår dato:
12.10.2022

Europaveg 136 i Vestnes kommune – Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljregulering – Utviding av Gjermundnes Masseuttak

Viser til dykkar brev av 29.09.2022.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan, statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivarettatt i planlegginga. Vi uttaler oss vidare som forvaltar av riksveg og som fagleg sektormynde for vegtransport. Statens vegvesen sitt sektormynde for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøsyn, og heilskapleg bypolitikk vert ivarettatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Saksopplysningar

Eksisterande masseuttak på Gjermundnes i Vestnes kommune skal utvidast med ca. 47 daa i aust-søraustleg retning. Det har tidlegare i år vore varsla oppstart av planarbeidet. Statens vegvesen kan ikkje sjå at våre innspel av 12.05.2022 er vurdert i planbeskrivelsen.

Fråsegn til detaljregulering

Statens vegvesen føreset at ein dokumenterar dei siktsonane som er påført avkøyrsla i vest. Veglova med føresegner og handbøker er klare på korleis dette skal utførast. Når det gjeld passasje under E136 i aust må ein ta omsyn til at europavegen kan verte utvida og/eller flytta på lengre sikt. Før slik passasje skal realiserast må ein ha fått prosjektet godkjend av Statens vegvesen og det må ligge føre gjennomføringsavtale.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sorgenfriveien 11
7031 TRONDHEIM

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Statens vegvesen orienterer om at Nye Veier AS er i posisjon til å overta ansvaret for planlegging og utbygging av E136. Vi ber difor om at nemnde selskap vert involvert i den vidare planprosessen og realisering i høve Gjermundnes masseuttak.

Transportforvaltning midt 2
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonsleder

Jan-Kristian Janson

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
NYE VEIER AS AVD PROSJEKTKONTOR E6 TRØNDELAGE, Kjøita 6, 4630 KRISTIANSAND S
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE